
Saksnr: 2020/49193-66
Saksbehandlar: Astrid Moe
Dato: 17.08.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Ekstratilskot - digitale tenester i biblioteka

Vestland fylkeskommune har i 2020 hatt ei særskilt satsing på utvikling av digitale tenester og formidling i biblioteka. Fylkeskommunale midlar og midlar frå Nasjonalbiblioteket har til saman utgjort kr 1 951 250.

Våren 2020 stengte landet ned som følgje av covid-19-utbrotet. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok å omdisponere fylkeskommunale midlar for å sikre bibliotektilbodet til innbyggjarane i Vestland fylke (PS 42/2020). Summen som vart omdisponert var kr 450 000, men vart i realiteten kr 300 000 då resten var fondsmidlar bunden til det opphavslege føremålet. Totalt sett blei likevel kr 450 000 disponert til føremålet, då det vart inkludert midlar frå Nasjonalbiblioteket (PS 84/2020). Midlane skulle gå til:

- a. Tiltak til å bygge opp digitale ressursar i biblioteka i Vestland, som til dømes innkjøp av e-bøker og e-lydbøker til utlån.
- b. Tiltak/prosjekt for digital formidling frå biblioteka, som for eksempel digitale debattarrangement, digitale foredrag og liknande.
- c. Andre tiltak/investeringar for å bygge opp digitale tenester i biblioteka.

Vestland fylkeskommune fekk også tildelt kr 1 651 250 frå Nasjonalbiblioteket (RS 47/2020). Av dette skulle kr 1 321 000 gå til innkjøp av norske e-bøker, medan kr 330 250 var meint til tiltak for digital formidling. Føremålet med midlane frå Nasjonalbiblioteket låg tett opp til føremålet med dei omdisponerte fylkeskommunale midlane, og det var tenleg å sjå desse midlane i samanheng.

Vedlagde rapport sendt til Nasjonalbiblioteket viser den samla bruken av midlane.

Vedlegg

- 1 Rapport - tildeling nasjonale midlar til e-bøker og digital formidling